

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 3

Haut 2026

58 . årgang

HM Kong Harald V 1937 – 2026



Takk, gode Kong Harald,
for alt du har vore og gjort
for folk og land!



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
Tlf. 61 12 13 20/955 28 013
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag, onsdag,
torsdag og fredag 09 - 15



ORGANIST
Sergio Okstad
Tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



SOKNEPREST
Solgunn Vårlid Stensæter
Tlf. 948 65 195
E-post: ss223@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Frank Byfuglien
Tlf. 906 54 733
E-post: fb524@kyrkja.no



KONTORSEKRETÆR
Laila Sveen
Tlf. : 611 21 320/ 955 28 013
E-post: ls456@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09-15

KYRKJEKONTORET

Postadr.: Etnedal kyrkjelege fellesråd,
Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal
Besøksadr.: Kyrkjevegen 22, 2890 Etnedal
Tlf.: 61 12 13 00
E-post: post.etnedal@kyrkja.no

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Åge Kleven, leiar
Tlf.: 957 97 299
E-post: aagekleven@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Turid Hagaseth Byfuglien, leiar
Tlf.: 995 18 337
E-post: byfugtur@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Thor Olav Hjelleset, leiar
Tlf.: 950 43 969
E-post: hjelleset@gmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen,
Wenche Hillestad Møller, Solfrid Skogstad
og Syver Øistuen

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 250,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 350,-
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet

« Lat ikkje hjartet
dykkar uroast! Tru på
Gud og tru på meg!
I huset åt Far min er
det mange rom.
Var det ikkje slik,

hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjere
klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og
gjort klar ein stad åt dykk, kjem eg att og
tek dykk til meg, så skal de vera der eg er.
Og dit eg går veit de vegen. Tomas seier til
han: Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis
kan vi då vita vegen? Jesus seier: Eg er
vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far
utan gjennom meg.»

Johannes ev. 14, 1-6

Leige Bruflat menighetshus?



Kontakt Anne Marit Stensæter,
tlf. 41047417

Forside, foto:
Jørgen Gommæs, Det kongelige hoff

Bakside, foto:
Ola Vatn, Det kongelige hoff

Nye opningstider på Kyrkjekontoret

Måndag – torsdag, kl. 09 – 15
Fredag Stengt

Vigslingsgudsteneste

Søndag 20. september kl. 18 blir Solgunn Vårlid Stensæter vigsla til prest i Den norske kyrkja. Høgtida vil finne stad i Bruflat kyrkje, og blir leia av biskop Ole Kristian Bonden og fung. prost Tor Even Fougner. Så vidt vi veit, er det fyrste prestevigselen i Bruflat kyrkje, som vart innvigd i 1750. Det blir ein stor dag både for Solgunn sjølv, familie og vener, for heile kyrkja og for dei lokale kyrkjelydane våre.

Etter vigslingsgudstenesta blir det fest-samling med servering og talar - på Bruflat menighetshus.

Hjarteleg vel møtt!



Solgunn Vårlid Stensæter
Foto: Marit prest



Foto: Einar Kringli

Sokneprest Solgunn Vårlid Stensæter – eit portrett

20. september 2026 skal Solgunn vigslast til presteteneste i Sør-Aurdal og Etnedal, i Bruflat kyrkje.

Alt som barn og ungdom hadde ho lyst til å arbeide i kyrkjeleg samanheng, men vegen dit vart lenger enn ho trudde. Samstundes er Solgunn glad for alle erfaringar ho har fått med seg på livsvegen. Kanskje kan noko fortone seg som sidevegar, men i ettertida sitt lys er det lettare å sjå det viktige i dei. Alt har lagt seg forunderleg til rette.

Kva betyr den kristne trua for deg, Solgunn?

Gudstrua er sjølve grunnlaget eg bygger livet mitt på. Vissheita om at eg høyrer til hos Gud, vår Skapar, og at eg er elska som eg er.

Det gjev livet mitt retning, og har vore avgjerande for vala eg har take.

Gud held meg oppe, ei kjensle av å lene seg bakover og kjenne at ein blir bore.

Livet er rikt, og kan vere krevjande, men eg opplever at Gud ber meg gjennom alt.



Solgunn ved det vesle altaret

Solgunn visste for øvrig tidleg kor Etnedal var. Som barn var ho og familien på ferie i nærleiken av Breistølen, på ei hytte som ein kamerat av faren hadde, og fyrsteintrykka hadde tydelegvis vore bra.

Oppvekst i Stavanger

Solgunn er fødd i Stavanger, der ho hadde ein trygg og god oppvekst saman med foreldra og tre søsken, heime på Hinna. Familien høyrde til Den Evangelisk Lutherske Frikirke, som Solgunn talar om i positive ordelag. Der er ho både døpt og konfirmert, og minnest korleis menneske vart takne imot. Ho har sterke minne derifrå om å bli sett og møtt, og Solgunn er sjølv opptaken av å sjå og møte menneske på ein god måte.

Far hennar var frivillig diakon i kyrkjelyden, og det gjorde tydeleg inntrykk på henne, for då den tid kom, valte ho sjukepleiefag og vart seinare utdanna til diakon på Diakonhjemmet.

Solgunn hadde eit nært forhold til far sin og saknet etter at han er stort.

Han døydde natt til 1. påskedag i 2020.

Laget (Norges kristne student- og skuleungdomslag) var også viktig for Solgunn då ho gjekk på vidaregåande skule, og ho minnest med glede lagsmøtene i domkirkekjelleren og bøneshundene dei hadde framføre altaret i Domkirken. - Det var høgtidssamt, seier Solgunn, som er glad i liturgiske uttrykk.

Fyrste bolken i Etnedal

Etter sjukepleieutdanning og studiar i diakoni gjekk vegen attende til Etnedal, då ho vart tilsett på Tonsåsen Rehabiliteringssenter i januar 2000. Etter nokre år vart ho headhunta til ein «liten» jobb på Noraker gård. Ja, lenger enn ho hadde tenkt, for Solgunn trivdes godt i miljøet der, men ho kom etter

kvart til erkjenninga; heller levande menneske enn død fisk!

Då gjekk arbeidsvegen tilbake til sjukepleiargjeringa og arbeid med menneske. Ho arbeidde i psykiatrien. Fyrst på DPS (Distriktpsikiatrisk senter) i Aurdal og seinare til Heimesjukepleia i Sør-Aurdal.

Det vart også ein bolk i helse – og omsorgstenesta heime i Stavanger, tilknytta Akutt ambulant team i psykiatritenesta, før ho orienterte seg austover att.

Lykketreff på Rakfiskfestivalen

Året var 2008, og Solgunn peila seg inn på rakfiskfestivalen. Det gjorde også ein sindig begning frå Hølera.

Det var visst høgst uvanleg for begge to, men dei opdaga kvarandre. Ei djupare meining, kanskje? Møtet på rakfiskfestivalen vart starten på ei utvikling som førde dei saman, og 25. juni 2011 gifta dei seg på Veståskapellet i Sør-Aurdal. På den store dagen vart også Ida, jenta deira døpt, og to år seinare kom Håkon.

I tillegg fekk Solgunn to bonusbarn, Ørjan og Vilde, som Håvard hadde frå før.

Stavangerjenta, som var godt kjent i Valdres frå før, gjorde altså permanent valdris av seg, då dei etablerte seg i huset Håvard sjølv hadde bygd i Hølera.

Mor, familie og heim, bygdemenneske, meir arbeid i psykiatritenesta og på Valdresklinikken, soknerådssarbeid, styrearbeid på Veståskapellet, engasjement på Bagn bakeri, linjerydding og birøkt, pluss mykje anna. I løpet av desse livsbolkane skaffa ho seg også kompetanse i nettverksmøteleiing på Høgskulen i Gjøvik.



Lystenning ved Globen.

Kva med draumen om å bli prest?

Den levde, og ettersom barna vaks til, mogna draumen vidare, også takka vere gode menneske som kom i hennar veg. – Kva har du lyst til å gjera då?, var det ein som spurte. Og i ei gravferd på Leirskogen, slo det nærmast ned i meg, fortel Solgunn; det er prest eg vil bli.

Så med diakoni-utdanning i botnen og eit kristendomsstudie, pluss uttallige praktiske oppgåver utført, søkte ho seg til MF Høyskolen (Tidlegare Menighetsfakultetet) på ein Erfaringsbasert Master, der ho kunne studere teologi på deltid.

Eitt av krava var tilknytning til ein lokal kyrkjelyd, og under god vegleiing av prosten vår, Carl Philip Weisser, fall valet på Etnedal og kyrkjekydane her, Bruflat og Nord-Etnedal.

Eg trur vi kan seie at det var ein bra match. Som eit friskt pust kom Solgunn inn i stabsfellesskapet og i kyrkjekydane. Ho hadde gudstenester, tok aktivt del

i kyrkjelivet, var med på førebuingar, også til dåp og gravferd, heldt andaktar på Etnedalsheimen, og søkte kontakter i ulike miljø.

Etter kvart vart ho prestevikar i Sør-Aurdal, halvtanna år, og det tok til å nærme seg slutten på studiet. Gleda var stor då namnet til Solgunn sto på søkarlista etter utlysinga av soknepreststillinga, og offisielt starta ho fast som sokneprest i Etnedal 1. juli 2026.

Ho skal dele tida si mellom Sør-Aurdal og Etnedal, så balansen blir ikkje berre enkel, men vi kan vere til hjelp ved å tenke at stillinga var 100 % før. Det får vi ikkje att, men innafor den tilmålte tida ho har fått, vil ho tene kyrkjelydane på beste måte.

Hjarteleg velkomen til sokneprestteneste i Etnedal, Solgunn,

Tekst og foto:
Marit prest



Solgunn ved messa på N. Lenningen seter i august. Bak står leiaren i Bruflat sokneråd Åge Kleven.



Solgunn saman medkonfirmantane i Nord-Etnedal kyrkje våren 2026, Eivind Tollehaug og Ørjan Steine Lundmoen - og leiaren i i Nord-Etnedal sokneråd, Turid H. Byfuglien.

MI SALME

Jeg er glad i salmer, og da jeg ble utfordret gjennom Kyrkjevarden, syntes jeg det var hyggelig. Jeg har lastet ned en del salmer som jeg spiller iblant. Dette gir meg en spesiell ro.

Den salmen jeg velger er:

Jag har hört om en stad

*Jag har hört om en stad ovan molnen,
ovan jordiska dimhöljda länder.
Jag har hört om dess solljusa stränder;
och en gång, tänk en gång är jag där.
Halleluja, jag högt måste sjunga,
halleluja, jag går till den staden.
Om än stegen bli trötta och tunga,
bär det uppåt och hemåt ändå.*

*Jag har hört om ett land utan tårar;
utan sorg, utan nöd, utan strider.
och där ingen av sjukdom mer lider,
och en gång, tänk en gång är jag där.
Halleluja, där fröjdas vi alla,
halleluja, vart tvivel försvunnit.
Aldrig mer skall jag stappla och falla,
Jag är framme, ja, hemma hos Gud.*

*Jag har hört om den snövita dräkten,
och om glansen av gyllene kronor.
Jag har hört om den himmelska släkten,
och en gång, tänk en gång är jag där.
Halleluja, jag fröjdas i anden,
jag han höra den himmelska sången,
och det sliter i jordiska banden,
ty jag vet, jag skall snart vara där.*



Foto: Randi Jensen

Min utfordring går til: Jan Arild Berg.

Britt Karin Bergene

ØNSKEDIKTET

Ein stor takk til Ragnhild Fagernæs for det fine diktet. Når vi les dette, vert vi minna om kor godt vi har det. Vi må vere flinke til å taka vare på dagen!

Eg utfordrar Anne Marit Stensæter til å velje dikt til neste Kyrkjevarden

Annikken Haug



**Foto:
Marit
prest**

LIVET ER GÅVE

*:/: Livet er gåve, ta vare på det.
Lev det og bruk det til glede og fred :/:*

*Stor eller liten vi menneske er.
Jorda vi låner, no lever vi her.
Du som er Skapar, og veit kven vi er.
Lær oss at livet det lever vi her.
Omkved*

*Borda er lange der vi set oss ned.
Kanskje kan bror din få sitje attmed.
Tal til oss du, la vårt spørsmål få svar.
Tal om å dela det brødet vi har.
Omkved*

*Gåva du gav oss er større enn alt.
Det var sjølv livet du gav oss ei natt.
Vår jord låg i mørke, du bøyde deg ned,
og kom med din bodskap om glede og fred.
Omkved*



Livfull og fin markering av skulestart og utdeling av 6-års bøker

Tacoservering i våpenhuset, måltidsfellesskap i eit opent og stort kyrkjerom, – liv og røre, glede for liten og stor. Det var starten på samlinga i torsdag 20. august då skulestart skulle markerast og 6-åringane få kyrkjeboka si. Ungar frå fem til åtte år var særleg invitert, og mellom førti og femti kom.



Tacoservering



Prosesjonskors

Den nye presten vår, Solgunn, leia gudstenesta, og medlemmene i Bruflat sokneråd, pluss Marie kyrkjeverje, organist Sergio, kyrkjetenar Frank og Laila på kontoret sto for tilrettelegginga.

Jesus og borna

13 Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. 14 Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. 15 Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» 16 Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.



I min Fars hus er det mange rom

-Vi snakker om åpne kirker som en aktivitet eller en praktisk utfordring. For meg handler åpne kirker om kirkens identitet og teologi. Det skriver biskop Ole Kristian Bonden i kronikken som ble publisert i avisa Vårt Land i juli 2026.



Biskop Ole Kristian Bonden

Når lokalsamfunnet rammes av en ulykke, erfarer vi at flere og flere mennesker, særlig ungdom, søker til kirkerommet. De fleste kirker ligger på en kirkegård, «livets hus» i «dødens hage». Hit kommer mennesker hver dag for å stelle graven eller tenne lys. Andre ganger går vi bare forbi lokalkirken på vei til arbeid eller butikken. Kirkedøra er som oftest stengt og lyset slukket. Langs pilegrimsleden vandrer stadig flere pilegrimer, og turister stopper gjerne opp ved kirkehusene våre – men sjansen er stor for at de ikke slipper inn.

Tillit

Da jeg ble biskop sa jeg at jeg ville arbeide for en folkekirke som er åpen og som viser åpenhet.



Tyllidalen kirke i Nord-Østerdal er en av mange kirker som holder åpent i Hamar bispedømme. Foto: Hamar bispedømmeråd

I Hamar bispedømme har vi som mål å få åpnet alle kirkene våre innen nasjonaljubileet 2030. En åpen kirke signaliserer tillit og sårbarhet. Den som blir vist slik tillit, vil sjeldent misbruke den, men verdsette den som en gave. Ved å være åpen og tilgjengelig – men også sårbar på godt og vondt, blir kirken mer seg selv. Det er et signal om at kirken ikke bare er til for noen på bestemte tidspunkt av døgnet. Det er et signal om hvem og hva Gud er.

Basilikaens åpenhet

Det er tusen år siden Norge ble bygget som nasjon på kristendommens grunnvoller, og kirkene ble en synlig realitet. Allerede i 313 erklærte keiser Konstantin religiøs toleranse som grunnprinsipp i Romerriket. Det satte en stopper for videre forfølgelse av kristne, men ble også startskuddet for utviklingen av kristne kirkebygg. De kristne valgte basilikaen, ikke tempelet, som modell for de nye gudshusene. En basilika var opprinnelig ikke en helligdom, men en verdslig bygning for folk flest. Dette var et tydelig signal om at kirken skulle være åpen og inkluderende. Det hellige skulle være tilgjengelig for alle. Variasjon fantes, det avgjørende er ikke formen, men selve grunntanken: kirkerommet symboliserer en hellighet som ikke lukker, men åpner – ikke ekskluderer, men inkluderer. Teologen Svein Aage Christoffersen sier det slik: «I kirkebygget skal den kristne menighet åpne seg for denne verdens mennesker. Derfor er åpenheten ingen trussel mot kirkens egenart. Det er tvert imot åpenheten som er egenarten. I prinsippet burde kirkedørene våre stå åpne døgnet rundt, hele året.»

Åpenhet mot livet og troen

Jeg har hentet mye inspirasjon fra pilegrimsbevegelsens spiritualitet og språk. Den åpne kirken er her forstått som helligstedet og målet for reisen, eller hvilested underveis. Teologien har tradisjonelt vært mest opptatt av kirke som fellesskap og hvordan dette organiseres. Jeg erfarer at selve kirkebygget i lokalsamfunnet er

viktig. Et bygg som minner oss om den kristne troen og de kirkelige trospraksisene gjennom generasjoner. Samtidig representerer kirkehuset trygghet og håp, og bidrar med forestillinger om en evig og forløst framtid. Slike forestillinger har fra gammelt av kommet til uttrykk i kirkearkitekturen inspirert blant annet av visjonen om «Det himmelske Jerusalem».

Betingelsesløs nåde

En åpen kirke er en invitasjon uten betingelser og baktanker. Den åpne kirken spør ikke hvem du er, hvorfor du kommer, når du var i kirken sist, eller om du kommer tilbake på babysang eller onsdagstreff. Åpen kirke er ikke et middel for noe annet, men et mål i seg selv. Vi har ikke åpen kirke for at det skal lede til noe annet eller viktigere. Det kan skje, men det er ikke derfor kirken er åpen. Den teologiske grunntanken handler om at kirken selv ønsker å være åpen, fordi det er kirkens natur å speile Guds åpenhet. Det er irrelevant hvor mange som kommer. Vi lever i en tid der alt skal teller og måles. I helligrommet må vi ikke reduseres til forbrukere. Åpne kirker sier også noe om vårt menneskesyn. Det får sin verdi i skapelsen, ikke ut fra hva det gir tilbake av noe vi kan måle eller telle.

Kristus åpner dører

I Det nye testamentet brukes på gresk ordet 'ekklesia' om kirken som menighet. I utgangspunktet betyr dette ordet ikke annet enn byens eller statens borgere kalt sammen til møte. I de greske byene omfattet folkeforsamlingen bare de voksne, mannlige borgerne. Den kristne ekklesia derimot omfattet både kvinner og menn, slaver og frie, voksne og barn. Vi kan ha vanskelig for å forestille oss hvor revolusjonerende det kristne kirkebygget og de kristne sakramentene var. Dåp og nattverd var ikke bare tilgjengelige for alle, de var det samme for alle. Kirkens historie er slett ikke bare en historie om åpenhet og likeverd, men også maktkamp og undertrykkelse.

Å skape en åpen kirke må løses på nytt i vår tid. Når kirkebygget river ned etablerte skiller mellom det hellige og det verdslige, og gjør det hellige tilgjengelig for alle og enhver, forkynner det et nytt syn på hva som er hellig. Det hellige har i kristen-



Hoff kirke fra 1150-1200 i Toten prosti er bygd som en basilika. Foto: Hamar bispedømmeråd.

dommen fått en helt konkret forankring i Jesus fra Nasaret. Jesus brøt ned de etablerte skillene mellom religionens voktere og folk flest. Han åpnet Guds rike for tollere og syndere, løftet barnet fram som et religiøst forbilde og brukte en utenforstående mann fra Samaria som eksempel på hva det vil si å elske sin neste som seg selv. Kirken er stedet der fortellingene om Jesus skal holdes levende. Dette skjer i gudstjenester og kirkelige handlinger, og først og fremst gjennom nådemidlene Ordet og sakramentene. Men det formidles også gjennom kirkehuset og åpne kirker. I vår tid er dette både en kulturoppgave og et trosprosjekt.



Alterbildet i Hamar domkirke viser Kristus som setter fri fra undertrykkelse og alt som holder folk bundet. Malt av Henrik Sørensen i 1954. Foto: Hamar bispedømmeråd.

Info frå Etnedal sparebank



Når svindleren tar kontakt Rettledning ved fagansvarlig Oona Koistinen

Svindlerne blir stadig mer utspekulerte, og det kan være vanskelig å vite hva som er ekte og hva som er svindel. De kan utgi seg for å være banken, politiet, et familiemedlem eller en kjent virksomhet. Oona Koistinen, fagansvarlig i Etnedal Sparebank, oppfordrer til å være på vakt, særlig når noen skaper tidspress eller ber om BankID, personlige opplysninger eller overføring av penger.

Svindel kan ramme hvem som helst. Mange tenker kanskje at de raskt ville gjennomskuet et svindelforsøk, men dagens svindlere er profesjonelle og godt forberedt. De vet hvordan de skal skape tillit, og de vet hvordan de skal få oss til å handle raskt.

Det kan begynne med en telefon. Personen i den andre enden forteller kanskje at de ringer fra banken, og at det er oppdaget mistenkelig aktivitet på kontoen din. Noen kan også utgi seg for å være fra politiet. Du kan få beskjed om at pengene dine er i fare, at noen forsøker å misbruke BankID-en din, eller at det er gjort en betaling du ikke kjenner til.

Felles for mange slike svindelforsøk er at det plutselig haster. Svindleren ønsker at du skal reagere på frykten du kjenner der og da, i stedet for å stoppe opp og tenke. Kanskje får du beskjed om at pengene må flyttes til en «trygg konto», eller at du må bruke BankID for å stanse det som er i ferd med å skje.

Da er det viktig å huske at banken aldri vil be deg om å flytte pengene dine til en «trygg konto». Du skal heller aldri gi fra deg passord, koder eller andre hem-

melige BankID-opplysninger til noen, heller ikke til en person som sier at de ringer fra banken eller politiet.

Svindel kommer også ofte som SMS eller e-post. Du kan få beskjed om en pakke som ikke kunne leveres, en regning som må betales, eller at det har oppstått et problem med en konto eller tjeneste. Meldingen inneholder gjerne en lenke du blir bedt om å trykke på. Nettsiden du kommer til, kan ligne svært mye på den ekte nettsiden. Hensikten er å få deg til å oppgi informasjon som svindlerne senere kan misbruke. Noen svindelforsøk bygges også opp over lengre tid, og da kan de være enda vanskeligere å oppdage. Ved kjærlighetsbedrageri tar svindleren gjerne kontakt gjennom sosiale medier eller datingsider og bruker tid på å skape tillit og en nær relasjon. Kontakten kan pågå i uker eller måneder før det kommer spørsmål om penger. Det kan være behov for hjelp til en reise, sykdom, en uventet regning eller en annen vanskelig situasjon. Historiene varierer, men målet er det samme – å få den andre personen til å overføre penger. Når tilliten først er etablert, kan det være svært vanskelig å forstå at personen man har fått et nært forhold til, ikke er den de utgir seg for å være.

Investeringsbedrageri er en annen form for svindel. Her lokkes man gjerne med muligheten til å tjene gode penger på investeringer, for eksempel i aksjer eller kryptovaluta. Tilbudet kan dukke opp som en annonse på nettet eller i sosiale medier, eller man kan bli kontaktet direkte. Svindleren kan fremstå som en profesjonell rådgiver og vise til nettsider eller løsninger der det ser ut som investeringen vokser i verdi. I virkeligheten er både investeringen og avkastningen falsk.

Stopp opp når noe ikke stemmer

Et av de viktigste rådene mot svindel er å gi seg selv tid til å tenke. Vær særlig på vakt dersom noen forsøker å stresse deg, ber deg gi uriktige opplysninger til banken eller sier at du må gjøre noe med pengene dine med en gang. ***Ikke la deg presse til å oppgi informasjon, overføre penger eller bruke BankID.***

Vær også forsiktig med å trykke på lenker i SMS og e-post. Er du usikker på en henvendelse, kan du heller finne frem til virksomhetens nettside selv eller ringe på et telefonnummer du vet er riktig.

Det kan også være lurt å spørre noen du stoler på. Det kan være familie, en venn eller banken. Noen minutter til å tenke seg om eller en ekstra telefonsamtale kan være nok til å avsløre et svindelforsøk.

Fagansvarlig i Etnedal Sparebank minner om at man ikke trenger å være sikker på at noe er svindel før man tar kontakt med banken.

– Er det noe som virker mistenkelig eller ikke føles riktig, ta kontakt med oss. Det er alltid bedre å spørre banken én gang for mye enn én gang for lite, sier Koistinen.

Har du først blitt utsatt for svindel, eller tror at du kan ha gitt fra deg opplysninger til en svindler, er det viktig å handle raskt. Kontakt banken så fort som mulig. Det samme gjelder dersom du har overført penger eller godkjent noe med BankID som du i ettertid blir usikker på. *Jo tidligere banken får beskjed, desto større mulighet har banken til å hjelpe og forsøke å begrense skaden.*

Det er heller ingen grunn til å vente med å ringe fordi det føles flaut eller skamfullt å ha blitt lurt. Svindlerne lever av å være overbevisende, og metodene brukes mot svært mange mennesker. Alle kan bli utsatt for svindel.

Oona Koistinen, fagansvarlig i Etnedal Sparebank



HAUSTKVISS 2026

Ved Solfrid Skogstad

- 1. Kva dato er haustjamndøgn i år, og kva er spesielt med dette døgnet?
- 2. Når er det slutt på ”sommartida”, og korleis skal klokka stillast?
- 3. Kva for ein middagsrett er kåra som nasjonalretten i Noreg, og på kva for ein dato markerast dette?
- 4. I kva for eit tidsrom er det bålforbod?
- 5. Kva er det danske ordet for haust?
- 6. Kva er ”Hausttakkefest”?
- 7. Kven har skrive ”Grønnsakspisevise”?
- 8. Kva stillast ut på ”Høstutstillingen” som arrangerast i Oslo kvart år?
- 9. Kvifor blir det så fine haustfargar på lauvet?
- 10. Kva for ein eittårig hageblome er etande og kallast ”Fattigmanns safran”?
- 11. Kva vart haustferien kalla før, og kvifor?
- 12. Kven sa: ”Høgt heng dei og sure er dei!”?
- 13. Kva slag bær brukar vi i ”Trollkrem”?
- 14. Kva er ein ”standfugl”?
- 15. Når er det lov å jakte elg i Noreg, og kva skjer i Nord-Etnedal kyrkje 15. september?

Litt Bibelhistorie til slutt:

- 16. Korleis lyder den fyrste setningen i Bibelen?
- 17. Kven fekk beskjed av Gud om å telle stjernene?
- 18. I kva for ei historie i Bibelen sovna Jesus?
- 19. Jesus metta ein gong over 5000 menneske. Kva inneheldt matpakka barnet hadde med, og som Jesus fekk og ba takkebøn for?
- 20. Kvifor kalla Jesus seg ”Den gode gjetaren”?



- 1. 23. september. Dag og natt er nesten like lange over heile jorda.
- 2. 25. oktober. Ein time tilbake (mot som-maren!)
- 3. Færkålen. 29. september
- 4. 15. april til 15. september
- 5. Eifterar
- 6. Ei gudstjeneste der vi takkar Gud for ”markens grøde” og gjerne pyntar kyrkja med haustblad, grønnsaker, frukt og bær
- 7. Thorbjørn Egner. Sungen er kjent frå forteljninga om ”Hakkebakkeskogen”.
- 8. Ny norsk samtidskunst presentert i mange ulike kategoriar
- 9. Det grønne fargestoffet klorofyll brytast ned når nettene blir lengre og kaldare.
- 10. Ringblomst
- 11. Potetferie. Fordi skuleungane også måtte vera med å plukke poteter
- 12. Reven
- 13. Tyttebær
- 14. Ein fugl som er her heile året
- 15. Frå 25. september til 23. desember.
- 16. ”I opphavet skapte Gud himmelen og jorda”
- 17. Abraham
- 18. ”Jesus stiller stormen”
- 19. 5 byggebør og 2 fiskar
- 20. Fordi han vil passe på alle.

« En sommer er over, men minnene om den består ...»

Blomstergleder

Vi skriv 2. september i dag, og eigaren av desse blomane, Astrid Klevgård, synst nok det var i seinaste laget å ta bilde av blomprakten utafor huset hennar, men då kan ein berre tenke seg korleis dei har vore før i sommar. For ein velkomst ved inngangsdøra, og for ei oppleving å kikke opp i garden når ein køyrer forbi. TAKK, Astrid, for titten!

Vi er mange som er glad i blomar, og det er fint å sjå alle som pyntar så pent både ute og inne. Slik blir det også gleder for andre!

Foto: Marit prest



Glimt frå naturen

Einar Kringli er naturkjær! Han gler seg meir enn dei fleste over fuglar og dyr, og har nær kontakt med mange artar.

I sommar såg han eit uvanleg fenomen i ei fuglekasse. Seks egg i eit reir er ikkje så usedvanleg, men då dei kom seg ut av egget, vart Einar vitne til eit spesielt samarbeid. Det var tre blåmeiser og tre kjøttmeiser..

Ekorn er som husdyr å rekne. Dei kjem gjerne inn og hentar nøtter, og unnsår seg ikkje å grave dei ned i ei blomsterpotte.

Naturfotograf: Einar Kringli



Etnedal kommune – driftsavdelingen



Bjørn Roar Kluftødegård, Daniel Storengen, Knut Helge Ødegård, Kåre Stubbene, Svein Arve Kringli, Arne Brufladt, Bjørn Hovde og Kjell Ivar Haugen fra den faste staben i Driftsavdelingen

Etnedal kommune har eier-/driftsansvar for mange plasser rundt om i kommunen – det er veier, parkeringsplasser, bygg og tekniske installasjoner. Driftsavdelingen til kommunen – som er underlagt Plan og Teknisk - følger opp driftingen og det funksjonelle ansvaret. Avdelingen er delt i to, der Knut Helge Ødegård har ansvaret for veg, vann og avløp og Arne Brufladt har ansvaret for bygg og renhold.

Fem mann sørger for at vegene, parkeringsplasser, renseanlegg og pumpestasjoner fungerer. Totalt har kommunen ansvar for ca. 25 km med veg og seks vann/avløpsstasjoner og et utall pumpestasjoner.

I og med at bare tre veier har fast dekke og resten har grusdekke, krever vegene mye oppmerksomhet. Salting om våren er en årlig oppgave, og hull-lapping krever til tider mye ressurser når regnbygene kommer tett.

Avdelingen har vakttelefon (nummeret finnes på kommunens hjemmeside) som kan benyttes viss publikum oppdager skader eller at f.eks. vannet blir

borte. Erfaringen til avdelingen er at det er lite oppringinger og det tyder på at ting fungerer for oss som innbyggere.

Vinterdriften er en arbeidsoppgave som krever mye innsats. For Bruflatområdet starter ryddingen ofte i 4-tiden om morgenen og varer stort sett til midt på dagen før alt er kjørt over. Kommunen har selv ansvaret for vegene og plassene her, mens resten settes ut på anbud. Anbudsrunde for fem nye år er på gang i høst, så her vil det bli nye muligheter for vinterarbeid for de som ønsker det.

Når det gjelder byggene i kommunen er det femten fast tilsatte – pluss to til tre sommerhjelper – som skal følge opp det bygningsmessige, tekniske installasjoner, renhold og drift av grøntområder.

Kommunen eier seks større offentlige bygg og tjueen utleieenheter (tre nye tilføres i høst). Til sammen utgjør dette 18 000 kvm. I tillegg har også avdelingen ansvaret for å følge opp eiendommene til Etnedal næringsbygg som består av YX stasjonen og to bygg

på Kallehaugen. Montering av utstyr fra hjelpemiddelsentralen er også en oppgave som avdelingen betjener.

Arbeidsoppgavene er mangfoldige for byggdrifterne. Renhold må skje rutinemessig. Oppsyn med tekniske installasjoner som brannvarsling skal skje daglig. Grasklipping er en to-dagers jobb for å komme over hele arealet. Med ansvaret for 18 000 kvm pluss, pluss, er det også mye annet småarbeid som må gjennomføres.

Driftsavdelingen disponerer til sammen seks biler og en traktor. I tillegg hyres maskinentreprenør inn til større vedlikeholdsarbeid som grøfting og masse-transport.

Som vi skjønner så er det i utgangspunktet en variert arbeidsdag. I tillegg deltar de ved behov i forbindelse med prosjektarbeid. Nylig har de vært involvert i renovering av skolen med nytt tak og utvendig maling og bytting av driftsutstyr i svømmebassenget. Ikke dårlig at en kommune på 12-1300 innbyggere kan tilby svømmeopplæring der større kommuner bare har en tom 'betongkum'.

Pågående arbeider som følges opp, er renovering av det gamle kommunehuset til ungdomshus og psykisk helse. I tillegg er det planlagt asfaltarbeid for millionbeløp der bla. innbyggerne på Moajordet kan se fram til ny svart veg ned til Mosletta i løpet av høsten.

Syver Øistuen



**Etnedal
kommune**



- Minst og best -

Kommune-info
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes facebook-side

Nye utleieboliger i Bruflat sentrum

Valdres Hytte og Byggservice AS og Huspartner AS er godt i gang med å føre opp en åttemannsbolig i Bruflat sentrum. Etter planen vil leilighetene ferdigstilles på løpende bånd fram mot høsten.

Kommunens leiligheter ligger i andre etasje, med god utsikt over sentrum. De har et areal på ca. 80 m² med to soverom og egen carport.

Er du interessert?
Kontakt kommunalsjef Siv Byfuglien på epost: siv.byfuglien@etnedal.kommune.no.




Boliger under bygging. Fotograf: Siv Byfuglien

NRK TV-Aksjonen 2026



Årets TV-aksjon

«Sammen for mennesker på flukt»
er søndag 18. oktober og går til
NRC Flyktninghjelpen.

Med din hjelp kan vi gi over 400 000 mennesker på flukt i Syria, Gaza, Afghanistan, Tsjad, Sudan og DR Kongo et trygt hjem og håp for fremtiden.

NRC Flyktninghjelpen er Norges største humanitære organisasjon og hjelper mennesker på flukt i verdens verste kriser.

Hva går årets penger til?

Nærmere 120 millioner mennesker er på flukt fra krig og konflikt. Aldri før har så mange trengt hjelp til å skaffe seg et hjem. Men det finnes håp, og det finnes løsninger. TV-aksjonen 2026 skal bidra til at over 400.000 mennesker på flukt får tryggere og bedre boforhold i Syria, Gaza, Afghanistan, Tsjad, Sudan og DR Kongo.

Nødboliger: Mennesker med akutt behov for husly eller som trenger hjelp til å forbedre sine provisoriske boliger, skal få livreddende hjelp. Dette kan være alt fra å gi telt til å tilby presenninger, tauverk, planker, madrasser og annet utstyr inntil familiene får mulighet til å skaffe seg mer varig husly.

Midlertidige hjem: Familier skal få hjelp til å utbedre og reparere midlertidige boliger, og enkelte familier skal få støtte til husleie. I tillegg vil NRC Flyktninghjelpen bygge om uskadde bygninger til boliger.

Varige hjem: NRC Flyktninghjelpen vil rehabilitere ødelagte boliger, slik at flere kan få permanente hjem. I tillegg vil offentlige bygninger rehabiliteres, slik at folk kan returnere til hjemstedet sitt og få tilgang til offentlige tjenester.

Vann og sanitær: NRC Flyktninghjelpen vil reparere og gjenoppbygge deler av infrastrukturen knyttet til vann og sanitære forhold. Slik kan vi sammen skape et godt og trygt miljø der familier og barn har tilgang til rent vann og gode sanitære forhold.

Juridisk hjelp: Med de store ødeleggelsene er det avgjørende å sikre retten til hus og eiendommer. NRC Flyktninghjelpen vil gi informasjon og juridisk hjelp for å sikre bolig- og eiendomsrettighetene til familier som vender hjem eller setter opp midlertidig husly.

For mer info se tvaksjonen.no

TV-aksjonen omtales gjerne som «verdens største dugnad». På landsbasis er det ca 100.000 bøssebærere ute og går denne søndagen - i Etnedal trenger vi ca 25. Kanskje du har lyst til å bli med på denne viktige søndagsturen?

Vi i Etnedal har god tradisjon for å være svært rause når det er tv-aksjon. Både skolen, barnehagen, næringslivet, lag og foreninger og privatpersoner bidrar på sine måter. Årets tema er veldig aktuelt, og pengene kommer helt sikkert til nytte - tusen takk!!

Ønsker du å bidra til årets tv-aksjon, enten som bøssebærer eller på andre måter?

Ta kontakt med Kari på Frivilligsentralen
Tlf: 92 13 24 38

E-post: post@etnedal.frivilligsentral.no



Kom på TREFFPUNKTET - annenhver torsdag på Frivilligsentralen

Ønsker du å utvide nettverket i lokalsamfunnet, møte nye mennesker og slå av en god prat over en kaffe og en vaffel? Da må du ta turen på «Treffpunktet» annenhver torsdag på Frivilligsentralen. Vi startet opp dette tilbudet i vår, og vi fortsetter utover høsten.

Hit er alle hjertelig velkomne,
og vi håper å se akkurat deg!



TID: Annenhver torsdag kl. 11.00.

STED: Etnedal Frivilligsentral
(i underetasjen på Etnedal Sparebank)

DATOER 2. HALVÅR 2026:

27. august	8. oktober	19. november
10. september	22. oktober	3. desember
24. september	5. november	17. desember

Vi ønsker å invitere både nye og etablerte innbyggere i kommunen til en uformell samling med kaffe, vaffel og trivelig prat.

Dette blir en fin anledning til å bli kjent med andre, utveksle erfaringer og bygge nye relasjoner i nærmiljøet.



Arrangementet er gratis!
Alle er hjertelig velkommen - du trenger ikke melde deg på! 😊

Arrangør: Etnedal kommune og Etnedal Frivilligsentral




To stipend à kr. 10.000 til etterutdanning

for sjukepleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidarar Nasjonalforeningen Etnedal helselag sine stipend har som formål å påskjønne sykepleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidarar, busette i Etnedal, som i inneverende år er i gang med, eller har fullført etterutdanning innan sitt fagfelt.

Høyrer du til ei av desse faggruppene, er du velkommen til å søke.

Nasjonalforeningen Etnedal helselag er ein organisasjon tilslutta Nasjonalforeningen for folkehelsen. Våre verdiar er omsorg, solidaritet, trivsel og kunnskap.

Samfunnet vårt har behov for fagfolk med god og relevant kompetanse, og for den einkilde er det av betydning å møte gode medmenneske med rett fagkompetanse, når man står i vanskelege og sårbare situasjonar

Søknad til: Nasjonalforeningen Etnedal helselag ved leiar Marit Slettum, slettum.ms@gmail.com innan 1. november 2026.

Landsskytterstevnet Lesja 2026

I forrige nummer av Kyrkjevarden hadde vi en omtale av Etnedal skytterlag og Bustenskjoldstevnet, men etter resultatene på årets landsskytterstevne må vi prøve å finne ut hva som gjør at ei lita bygd som Etnedal kan produsere så mange skyttere med så mange gode resultater.

Tjuefire skyttere, derav hele åtte rekrutter, deltok fra Etnedal og sammen med supportergjengen var det førti til førtifem etnedøler som tok turen til Lesja.

Prestasjon er selvsagt hovedfokus på et stevne som Landskytterstevnet. Sikte midt i og trekke av, høres enkelt ut, men det er mange faktorer som spiller inn. Ikke minst det å gå ei hel uke i skyttermiljøet, ha tid til å prate med kjentfolk fra fjern og nær, diskutere utstyr, teknikk og resultater er trivelig og sosialt, men det kan påvirke prestasjonene både i positiv og negativ retning.

Tydeligvis lot ikke etndølene seg påvirke av all viraken, men holdt fokus på oppgaven. Hele fjorten finaler var Etnedal skytterlag representert i og tjuefire standardpremier ble med hjem til Etnedal. I tillegg ble det en og annen personlig rekord.

Det sosiale aspektet betyr mye og det gjør at supportergjengen er nesten like stor som skytergjengen. Ikke alle lå i skyttercampen, men møtene var mange gjennom uka og en felles sosial kveld er obligatorisk på Landskytterstevnet.



Fra venstre Annie Sitona Eivik-Iversen, Solveig Aurora Eivik-Iversen og Kristine Espelien. (foto Trude Martinsen Ruud)

Ordførerduell

Ordføreren vår – Linda Mæhlum Robøle – var debutant på årets stevne. En invitasjon fra Det Frivillige skyttervesen var bakgrunnen for at ordførerne i regionen ble inviterte. De ønsket å sette søkelys på skytingens betydning i forsvarssammenheng, som sport og som grunnlag for personlig utvikling.

Resultatmessig ble oppholdet veldig vellykket med seier i ordførerduellen, men det var det fantastiske miljøet på Lesja som gjorde størst inntrykk, sier hun. Det var et inkluderende fellesskap som støttet opp om alle. Det at begge kjønn kan konkurrere under like vilkår, og at alder har mindre betydning enn i de fleste andre idretter, fascinerte. Hun likte den intense opplevelsen, og det å være i bobla. Oppholdet varte ikke hele uka, så internett måtte benyttes for å følge med på etndølene. Kanskje ble det vekt en ny skytter....

Norgesmestere fra Valdres skyttersamlag i veteranklassen

Etnedølene Tommy Bjørke, Harald Espelien og Tor Bjørnødegård, saman med Odd Kolsrud frå Begnadalen sto for den bragden, da alle skjøt fullt hus (100) pluss flest innertierte.

Og av 498 skytterlag som deltok på Landsskytterstevnet, kvalifiserte Etnedal seg til finalen og ble nr 27(opp 9 plasser fra i fjor).

Selv om vi kommer fra ei lita bygd, er det ikke grunn for å gjemme seg bort. Skytterne fra Etnedal skytterlag har vist at det er mulig å prestere. Vi andre må være stolte av prestasjonene og sole oss litt i glansen.

Syver Øistuen



En spent ordfører før skyting. (foto Trude Martinsen Ruud)

Norway cup 2026

Ein stor delegasjon frå Etnedal var med på Norway-cup verda si største fotballturnering også dette året. Det var mykje fotballglede, og eitt av laga frå Etnedal - Fagernæs, Jenter 13 nådde heilt til kvartfinalen. Ine Bergene og Ingrid Bjørnødegård Fagernæs er med på dette laget.

Laget til Mia Espeseth og Tomine Øybakken – Jenter 14 Fagernes/Etnedal kom til kvartfinale i B-sluttspillet.

Foto: Privat



Oskar Ruud i fint driv



Erlend omgjeven av ivrige spelarar



Stort engasjement på fotballbanen



Trenar liggende: Erlend Espelien. Rad 1 fra venstre: Kaspian Ashbjørnsen, Emma Sveen Joplussen, Maren Espeseth og Ørjan Lundmoen, Rad 2 fra venstre: Frank Jeremy Rønsmoen, Marco og Christian Addams, Ida Kringli Huset, Oskar Ruud, Aurora Øybakken og Fredrik Espelien. (Xavier Mutombo og Ivan Urberg hadde reist då bildet ble take)

BLÅFLAT GARD

Aktiviteter høsten 2026



12. september	Vaffellørdag med omvisning på garden og bilder på skjerm. Kl. 11.00–15.00.
17. september	Tema: Bøting av klær. Kl. 18–22.
19. september	Tur til Grini med Historielaget. Påmelding. Kontakt Toril Grønbrekk, tlf. 907 92 533.
24. september	Tema: Spikke/strikke. Kl. 18–22.
26. september	Åpning av Kulturdagatn. Kl. 12.00 Håndverkssmesse. Fra kl. 11.00 Vaffellørdag med grilling, vaffel og drikke.
2. oktober	Underholdning gjennom Den kulturelle spaserstokken. Kaffe og biteti (med forbehold).
3. oktober	Vinsmaking (med forbehold). NB: Påmelding. Se Etnedal foreningsportalen og Facebook.
8. oktober	Tema: Papirklipp. Kl. 18–22.
11. oktober	Tur til Breiesleiren med Historielaget. Kl. 12.00. Kontakt Toril Grønbrekk, tlf. 907 92 533.
17. oktober	Vaffellørdag med utstilling av rosemaling, bilder m.m. av Margit Lundmoen.
22. oktober	Tema: UFO. Kl. 18–22.
5. november	Tema: Lage kort med voks. Kl. 18–22. Ansvar: AK.
14. november	Julemarked i regi av Husflidslaget i hele bygningen. Kl. 11.00–16.00
15. november	Julemarked i regi av Husflidslaget i hele bygningen. Kl. 12.00–16.00.
19. november	Tema: Makramé. Kl. 18–22.
21. november	Julebutikk med Husflidslaget og Historielaget. Kl. 11.00–15.00. Vaffellørdag med gløgg og kjøttkaker.
28. november	Julebutikk med Husflidslaget og Historielaget. Kl. 11.00–15.00. Vaffellørdag med gløgg og kjøttkaker.
3. desember	Juleverksted i regi av Husflidslaget. Kl. 18–22. BGV står for julekaker og kaffe/gløgg.
11. desember	Frivilligsentralens juledugurd.

Kulturdagatn lørdag 26. september – 3. oktober

Kulturdagatn starter med offisiell åpning på Blåflat gard lørdag 26. september, med utdeling av Etnedal kommunes drettspris for 2026. Uken byr blant annet på konserter med kulturskolen, åpen øving med sangkor og korps og markering av eldredagen på Fagernes. Lørdag 3.oktober blir det blant annet åpent bibliotek.

Fullstendig program legges ut på kommunens hjemmeside.

Trykte brosjyrer på Servicetorget, kommunehuset.

Følg også med på foreningsportalen via kommunenes hjemmeside

STOR BASAR

i Samfunnssalen på Etnedal skule
Laurdag 31. oktober kl. 13-18

God underholdning – matsal –
gratis kaffe og kaker
Åresal
Loddsal (er i gang)
Masse fine gevinster

Fylg med,
meir informasjon kjem!



Den norske kyrkja si rolle og oppgåver i beredskapssamanheng

I ei tid prega av auka usikkerheit, klimarelaterte hendingar, pandemiar og krig i Europa, blir spørsmålet om samfunnet sin beredskap stadig meir aktuelt. Beredskap handlar ikkje berre om materiell, infrastruktur og offentlege styresmakter. Det handlar òg om menneske, fellesskap og evna til å ta vare på kvarandre når livet blir ramma av kriser.

Her har Den norske kyrkja ei særskild rolle som landsdekkjande folkekyrkje med nærvær i heile landet gjennom tilsette, frivillige, kyrkjebygg og lokale fellesskap. At kyrkja er lokal, gjer ho til ein naturleg samarbeidspartnar i den samla beredskapen til samfunnet.

Kyrkja skal ivareta samfunnsoppdraget som folkekyrkje for alle, uavhengig av tru, medlemskap og livssynstilknytning.

I krisesituasjonar er behovet for tilhøyrslø, tryggleik og mening ofte minst like stort som behovet for praktisk hjelp. Kyrkja kan bidra med nettopp dette gjennom nærvær, omsorg og støtte til menneske som opplever sorg, frykt eller uvisse.

Ved større ulukker og katastrofar er kyrkja ein viktig del av den psykososiale beredskapen. Mange kommunar inkluderer prestar og diakonar i dei psykososiale kriseteama sine, og kyrkjelege medarbeidarar hjelper ofte til på senter for evakuerte og pårørande. Vi har kompetanse og erfaring som lokalsamfunnet har stor nytte av. Når menneske mistar sine næraste eller blir råka av dramatiske hendingar, bør og kan kyrkja, dersom det er ønskeleg, tilby samtalar, ritual, minnemarkeringar og opne kyrkjerom for lystenning og fellesskap. Erfaring viser at kyrkjer gong på gong blir viktige samlingsstader når lokalsamfunn blir ramma av sorg og kriser.

Pandemien synte at kyrkja òg har ei viktig rolle når krisa ikkje kjem brått, men utviklar seg over tid. Då samfunnet stengde ned, opplevde mange einsemd, uro og sosial isolasjon. Gjennom digitale tilbod, telefonkontakt, sorgstøtte og lokale hjelpetiltak kunne kyrkja bidra til å halde oppe fellesskap og menneskeleg kontakt. Beredskap handlar ikkje berre om å handtere akutte hendingar, men òg om å styrkje motstandskrafta (resiliensen) til samfunnet over tid.

I ein tryggingsspolitisk situasjon der krig igjen er ein realitet i Europa, blir kyrkja si rolle endå meir aktuell. Gjennom samarbeid med kommunar, politi, statsforvaltar og andre aktørar kan kyrkja bidra til å styrkje lokal beredskap og evna samfunnet har til å handtere alvorlege hendingar.

Miljøydeleggingar og klimaendringar skaper òg nye utfordringar for beredskapsarbeidet. Flaum, ras, skogbrann og ekstremvær ramar stadig fleire lokalsamfunn. Når slike hendingar oppstår, kan kyrkjene fungere som samlingsstader, informasjonsarenaer og rom for fellesskap, men òg som kjelder til moralsk og eksistensiell støtte og som berarar av håp når menneske blir konfronterte med tap, frykt og uvisse. Kyrkja har ei viktig førebyggjande oppgåve gjennom å fremje ansvarskjensle, solidaritet og omsorg for skaparverket. Beredskap handlar ikkje berre om å reagere når krisa kjem, men òg om å byggje robuste lokalsamfunn som står sterkare rusta til å møte framtidige utfordringar.

Eit sentralt prinsipp i beredskapsarbeid er samvirke. Ingen aktør kan handtere store kriser aleine. Hamar biskop er medlem av Fylkesberedskapsrådet i Innlandet, som blir leia av statsforvaltaren. Likeins ønskjer Hamar biskop at kyrkja skal inngå i kommunale beredskapsråd, delta i øvingar og utvikle samarbeidsavtalar med andre beredskapsaktørar.

Den norske kyrkja sin viktigaste beredskapsressurs er likevel menneska. Prestar, diakonar, kyrkjetenarar, andre tilsette og frivillige møter menneske ansikt til ansikt i situasjonar der få andre kan fylle same rolle. Gjennom omsorg, nærvær, håp og fellesskap bidreg kyrkja til å gjere samfunnet meir robust.

Kyrkja si rolle i beredskap er ikkje eit tillegg til samfunnsoppdraget, men ein naturleg del av det. Som folkekyrkje for heile folket er Den norske kyrkja kalla til å vere til stades når livet er på sitt mest sårbare.

To sysken, to dåpsdagar og sterke band til heimkyrkja.

Dei første augustvekene vart ekstra spesielle i Nord-Etnedal kyrkje, då to sysken frå Steinsetbygda bar fram kvar sin son til dåp med berre ei veker mellomrom. Det vart to høgtidsdagar prega av glede, fellesskap og takksemd, og ei fin påminning om korleis kyrkja følgjer menneske gjennom livet sine ulike fasar.

Sundag 2. august vart Trygve, fyrstefødde sonen til Andreas Hagasæt og sambuaren Sandra Nybråten døypt. Med namnet Trygve fører familien vidare ei kjær tradisjon, då guten er oppkalla etter oldefaren sin i Hagasæt.

Laurdag 8. august var det Andreas si storeyster Annette Hagasæt og sambuaren Steffen Tronrud Gjevne som bar fram den yngste sonen sin, Endre, til dåpen. Endre er veslebror til Vetle og Even.

For både Andreas og Annette har denne kyrkja ein heilt spesiell plass i livet. Her vart dei sjølve borne til dåpen som små, og her stod dei til konfirmasjon. Gjennom dåpen av sine eigne born har dei no fått oppleve å kome tilbake til kyrkja som foreldre. Det skaper ei sterk kopling mellom generasjonane og minner oss om korleis tru, tradisjonar og tilhøyrse kan gå i arv.



Sjolv om syskena i dag bur på ulike stader, er røtene dei same. Andreas bur framleis i Steinsetbygda saman med Sandra og vesle Trygve, medan Annette har busett seg i Bagn saman med Steffen og sønene Vetle, Even og Endre.

Døypefonten i heimbygdas kyrkje



Tante Lene heller vatn i dåpsfatet

Heimkyrkja er framleis ein naturleg samlingsstad for familien, og dåpsdagane vart ei vakker markering av banda både til familien, bygda og kyrkja.

Det er ikkje kvar dag vi opplever at to sysken døyper borna sine i den same kyrkja med berre ei veker mellomrom. Difor vart desse augustdagane noko heilt spesielt. Dei minner oss om korleis kyrkja får vere ein del av menneskelivet frå generasjon til generasjon, og korleis gamle tradisjonar får nytt liv når nye born vert borne fram til døypefonten.

Vi gratulerer familiane med dåpsdagane og takkar for at Nord-Etnedal menigheit fekk ta del i desse fine dåpshandlingane.

Samstundes ønskjer vi Trygve og Endre lykke på livsvegen, og håpar at kyrkja alltid vil vere ein stad der dei kjenner seg heime.

Wenche Hillestad Møller

DÅPSHØGTIDER



Trygve Nybråten Hagasæt vart døypt i Nord-Etnedal kyrkje 2 august 2026

Frå venstre, fadrane Mia Nybråten, Ronja Nybråten, mor Sandra Nybråten, Dåpsbarnet Trygve, far Andreas Hagasæt og fadrane Lene Hagasæt og Anette Hagasæt



Endre Hagasæt Gjevne sin dåpsdag 8. august 2026

Frå venstre; fadrane Andreas Hagasæt og Lene Hagasæt, foreldra Steffen T. Gjevne og Anette Hagasæt, med dåpsbarnet Endre og storebrørne Vetle og Even. Til høgre står Bettina T. Gjevne som også er faddar. Foto: Unni Byfuglien Hagasæt

DÅPSHØGTID



Pernille Brateng Espeseth vart døypt i Bruflat Kyrkje 7. juni 2026.

Fra venstre: Fadrane Malin Sirhaug, Sunniva Aurmo, mor Linda-Beathe Brateng, far Ståle Espeseth med dåpsbarnet Pernille, fadrane Martin Bråten Granøien med sønnen Marius og Vebjørn Kompen. Sokneprest Solgunn Vårlid Stensæter. Foto: Privat



Trygve Skaugs dikt til kongen:
Kongen min kaster hodet bakover
og ler med tannkjøttet
det er det ingen andre konger som gjør
snakker om psykisk helse
gutter som liker gutter
og jenter
klemmer kona si og Johaug
i frivilligdress fra '94
spør om det finnes én
som alle jeg kjenner er glad i
det er kongen min
ingen fler egentlig
det er nok derfor akkurat han
er kongen min

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



20. september
Kl. 18.00 Bruflat kyrkje.
Vigslingsgudsteneste. Nattverd
Takkoffer til Leger uten grenser.
Festsamling med mat, kaffe og talar på Bruflat menighetshus.

4. oktober – 19. søndag i treeiningstida
Kl. 14.00 Bruflat kyrkje. Salmegudstjeneste
Takkoffer til TV-aksjonen,
NRC Flyktningehjelpen

11. oktober – Inga gudsteneste i Etnedal (Haustferie – Stabsfri)

18. oktober – Inga gudsteneste i Etnedal

25. oktober – Bots- og bøneding
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste med utdeling av kyrkjebok til 2- og 4-åringar. Takkoffer til IKO

1. november – Allehelgens dag/Minningdag
Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

8. november – Inga gudsteneste i Etnedal

15. november – 25. søndag i treeiningstida
Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Salmegudsteneste med nattverd
Takkoffer til Landsforeningen for etterlatte etter selvmord

22. november – Inga gudstjeneste i Etnedal

29. november – 1. søndag i adventstida
Kl. 15.00 Bruflat kyrkje. Lysmesse, fakkeltog, julegrantenning
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge



Slekters gang

DØYPTE

Nord-Etnedal
Trygve Nybråten Hagasæt 02.08.2026
Endre Hagasæt Gjevre 08.08.2026

DØDE

Bruflat	Død	Gravferd
Olav Brusveen	07.06.2026	25.06.2026
Ingrid Margrete Bergene	23.06.2026	02.07.2026
Oddny Astrid Hansebråten	23.07.2026	04.08.2026

Nord-Etnedal	Død	Gravferd
Ruth Solbrekken	17.07.2026	29.07.2026

6. desember – 2. søndag i adventstida
Kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje. Lysmesse
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge

13. desember – Inga gudsteneste i Etnedal

Med atterhald om eventuelle endringar. Gudstenestene blir kunngjort i avisa Valdres, på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på face-book-sida Kyrkja i Etnedal.

HM Haakon VIII



*Gud sign vår konge god!
Sign ham med kraft og mot,
sign hjem og slott!
Lys for ham ved din Ånd,
Knytt med din sterke hånd
Hellige troskapsbånd om folk og drott!*

Land Trykkeri as 

- få det trykt i Land du også!

LT@landtrykkeri.no